


Øystein Dahle og Erik Thorstvedt til Vossa Jazz

Ved å gjere ein vri på eit gammalt ordtak kan vi i dag seie at: "Alle snakkar om KLIMA, men ingen gjer noko med det!" Ordet "Klima" er på alle sine lepper og klimadebatten rasar. "Klimakur 2020" er rett om hjørnet. Rapporten skal danne grunnlag for regjeringa si vurdering av klimapolitikken, som skal leggjast fram for Stortinget i år.

For mange er det ikkje så sjølvsgagt at klima og avfall er to sider av same sak. Det heile har med livssyklusen til ulike



God stemning på fjorårets "Vossakveik". Arne Hjeltnes, Magne J. Kalstad (styreleiar i Vossa Jazz), og Liv Signe Navarsete.

produkt å gjere. Mykje energi og ressursar går inn i produksjon, transport, bruk og avfallshandsaming av eit produkt. Dersom vi er meir medvitne rundt dei vala vi gjer når eit produkt nærmar seg enden av livssyklusen, vil dette kunne ha positive effektar på utslepp og energi- bruk i samfunnet.

Ein viktig del av IHM sitt arbeid er å skape forståing for slike spørsmål, m.a. gjennom haldningsskapande arbeid.

For tredje år på rad står IHM, i lag med Vossa Jazz som arrangør av næringslivsseminaret "Vossakveik". I år har vi stilt spørsmål om det er motsetningar mellom reiselivsnæringa, det kulturbaserte næringslivet og omsynet til klima, eller om det kan tenkjast løysingar alle kan leve med. Som innleiarar har vi i år fått med oss Øystein Dahle og Erik Thorstvedt. Sjå meir på www.vossajazz.no og på www.ihm.no.